

Kva:	Møte nr. 07 23-25 i Hopp- og Kombinertkomiteen
Tidspunkt:	Måndag 7. oktober 2024, kl. 20:00-20:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 41 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 42 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 06 23-25 HKK</i> <i>SAK 43 23-25 Protokoll frå møte nr. 15 23-25 i Skigrinsstyret</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 44 23-25 Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024</i> <i>DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 45 23-25 Saker til Haustmøte 27. oktober 2024</i> <i>SAK 46 23-25 Prosjekt innkjøp av hoppputstyr</i> <i>EVENTUELT</i>
Til stades:	Jon Ove Lomheim, Rune Pedersen, Jan Inge Årdal, Johnny Seljeset, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Lars Brekke
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 41 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 42 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 06 23-25 HKK

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 06 23-25 i Hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Protokollen er også godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 06 23-25.

SAK 43 23-25

Protokoll frå møte nr. 15 23-25 i Skigrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 15 23-25 i Skigrinsstyret er lagt ved som eige vedlegg.



VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 44 23-25

Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024

Bakgrunn

Rekneskapen pr. 25.09.2024 er vedlagt.

Etter oppfølging frå førre HKK møte er det oppretta eigen post i rekneskapen til prosjekt «innkjøp av hoppstyr». I prosjektet er det budsjettert med tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og tilskot frå Skikrinsen. Det er vidare budsjettert med kostnadar knytt til innkjøp av hoppstyr. Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Nøkkeltal for hopp- og kombinertkomiteen:

- Driftsinntekter HKK: kr. 125 396,-
- Driftskostnadar HKK: kr. -64 658,-
- Resultat: kr. 60 738,-

Eigenkapital HKK pr. 31.12.2023: kr. 104 667,-

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 45 23-25

Saker til Haustmøte 27. oktober 2024

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2024 skal avviklast 27. oktober 2024 i samband med Idrettens møteplass i Førde.

Rammeprogram:

- Kl. 10:00-12:00: Felles foredrag
- Kl. 12:00-13:00: Lunsj
- Kl. 13:00-13:30: Haustmøte Skikrinsen fellesdel
- Kl. 13:45-16:00: Greinvisse haustmøte
 - Fagmøte alpint
 - Fagmøte hopp/kombinert
 - Fagmøte langrenn

Sakliste HKK Haustmøtet 2023:



- Rekrutteringsarbeid i klubbane
- Aktivitetsplan 2023-2024
- Terminlista 2023-2024
- Status anleggsprosessar og vegen vidare
- Økonomi og marknadsavtalar

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

- Rekrutteringsarbeid i klubbane
- Aktivitetsplan 2024-2025
- Terminlista 2024-2025
- Status anleggsprosessar og vegen vidare
- Økonomi og marknadsavtalar

Vidare gjer komiteen vedtak om å gjennomføre haustmøte 2024 torsdag 24. oktober, digitalt via Microsoft Teams.

SAK 46 23-25

Prosjekt innkjøp av hoppustyr

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins v/ hopp- og kombinertkomiteen har fått tildelt ei gåve på kr. 50 000,- frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, til innkjøp av hoppustyr i hoppklubbane. I prosjektet er det også budsjettert med eigenandel for skikrins og klubb.

- Total innkjøpsramme er kr. 165 000,-.

Vedlagt ligg prosjektsøknad og budsjett.

I høve innkjøp av nytt utstyr er det henta inn følgjande pristilbod:

- Erdal Sport: ventar på tilbakemelding
- Winair-skisprungbinding: kan levere bindingar, sko og fleuge.de borneski (160cm)
 - o Fluege.de ski 199,-€, inkludert binding 399,-€.
 - o HOP sko frå 209,-€ til 439,-€, Nagaba sko frå 362,-€ til 495,-€

Hopp- og kombinertkomiteen oppfordrar elles klubbar til å kjøpe brukt utstyr.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å halde fram med å hente inn pristilbod og undersøke om ein får tak i brukt utstyr.

EVENTUELT



Neste møte i HKK: Haustmøte 24. oktober 2024, digitalt via Microsoft Teams

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Referent